



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet for Solsida barnehage

Onsdag 12.10.2022 kl. 17:00-19:00

Stad: Solsida Toene

Desse møtte: John, Elin, Jofrid, Ingeborg, Roy, Birgitte, Tor- Erik, Camilla,

Hans- Gunnar

Sak	Informasjon/innspel	Vedtak
<b>Presentasjon av Samarbeidsutvalet (SU) og SU sine oppgåver. Val av leiar i SU.</b>	Samarbeidsutvalet representera foreldregrappa. Andre foreldre kan ta kontakt med samarbeidsutvalet.  SU skal ha ein leiar og nestleiar:	Leiar: Camilla (Toene) Nestleiar: Birgitte (Haugum)
<b>Gjennomgang av referat frå sist møte</b>	Referat frå samarbeidsutvalet ligg på heimesida →Sunnfjord kommune→Solsida barnehage→utval.  Sjukefråvær, brukarundersøking, dugnad, 17 mai, sommarfest, fotografering, bruk av skjerm barnehagen, solkrem, eventyrfest.	
<b>Informasjon om årsplan</b>	Frå januar 2023 felles mal i heile Sunnfjord.	
<b>Orientering om stillingar, sjukefråvær, økonomi v/einingsleiar</b>	12 tilsette med barnehagelærarutdanning (nokon med vidareutdanning) 9 tilsette med fagbrev (nokon med vidareutdanning) 2 lærlingar Det har aldri vore så høgt kompetansenivå i Solsida barnehage  Vi har jobba mykje med sjukefråver over ein lang periode. Solsida har stabilisert sjukefråværet under 10% siste året.  Fekk arbeidsmiljøprisen i 2022.  Opptak:	



Både Solsida Haugum og Toene har ledige plasser. Nokre av plassane er reservert til flyktingar. Nokre av plassane er reservert til barn som fyller eit år seint på året. Taper foreldrebetaling, får konsekvensar for drift.

Foreldre opplev at vaksne er tettare på og betre oppfølging grunna reduserte barnegruppe.

Økonomi:  
Barnehagane har stramme driftsbudsjett. Likevel er det vedteke ein innsparingsplan for Sunnfjordbarnehagane. Driftspostane til barnehagane skal tilsaman ned 500 000kr.

Det utgjer ei stor skilnad om Solsida vert rekna som ein barnehage med sju avdelingar, eller som to barnehagar med tre og fire avdelingar. Vi meiner vi må reknast som to barnehagar, sidan vi ikkje har stordriftsfordelar på to ulike adresser.

**Kompetansemidler og videreutdanning. Informasjon. Innspel i høve utviklingsarbeid.**

Solsida har søkt og fått 231 000 kr til prosjektet voksenrolla i leik. Får rettleiing frå høgskulen. Skal jobbe med det til våren 2024.

-spørsmål frå foreldre om arbeidet med prosjektet kjem til å gå utover barn som går i barnehagen desse to åra? Med tanke på frikjøp t.d.  
Vi tenkjer at det vil heve kvaliteten på tilbodet, grunna dei vaksne vert meir kompetente og medviten eigen praksis. Når vi frikjøper personal for å jobbe med prosjektet, har vi alltid barn sitt beste i tankane. Eit trygt og godt barnehagetilbod vert prioritert øvst.

Solsida har fått midlar for å støtte opp om pedaogane som tek vidareutdanning, 80 000 kr pr student. Vi har fire studentar.

Solsida har fått mykje kjekt idrettsutstyr frå Actnow, som takk for hjelpa for at vi var kontroll barnehage i prosjektet.



Sunnfjord  
kommune

## Møteplan – informasjon om endringar



### Oppgåvene til Samarbeidsutvalet knytt til sommarfest, 17.mai og dugnad

Vi har åtte personalmøte i året på kveldstid, i tillegg har vi fem planleggingsdagar. Vi har avdelingsmøte annakvar veke i 1,5 time på dagtid. Vi har gjort om to personalmøte på hausten til avdelingsmøte, for å ikkje lage brot i rutinane før barna er trygge.

#### Haugum

##### Dugnad:

- Ingeborg og John går gjennom med avd kva som skal gjerast.
- Drøftar med foreldrerepresentantane kva arbeidsoppgåver som skal gjerast.
- Reiskap, korleis får vi det?
- Kjøkkenhagen- ulvegruppa har ansvar. Foreldre ser over på dugnad.
- Det er ulike behov for Haugum og Toene (uteområde)
- Arbeidsoppgåver blir delegert
- Suppe. Barna har tidligare laga suppe, dette kan bli meir arbeid. Barna kan lage suppe ved ei anna anledning. Dugnad utan barn er mest effektivt. Ingeborg og John setter opp liste på kva arbeid som skal gjerast. Foreldre kjem med innspel.
- Felle greiner ved parkeringsplass og ved hyttene.
- Måle oppatt linjene til bilvegen

##### Sommerfest:

- 1 juni
- Grilling, 2 griller med svin, 1 utan (vis med skilt)
- Barna skal få tilbrede salat
- Bhg har saft, te og kaffe
- Foreldre tar med grillmat
- Foreldre er med på sang
- 8 juni i fjor- begynte 16.00! Setter dato når ein ser været.
- Foreldre tar med kake til alle. Sett opp liste så ikkje alle tar med det same.

##### 17 mai.

- Roy og Birgitte veit ikkje om dei kan bære fana.



- Barnehagen øver på å gå i tog (rundt blokka), før 17. mai. Lagar instrument og flagg.

#### Toene:

17. mai:

- Toene hadde fana i fjor- Haugum sin tur i år (innspel frå Toene)

Dugnad:

- Sykkelgarasje
- Begynne klokka 16.00
- Har suppe- sosialt
- Lage figurer
- Får låne utstyr frå ungdomsskulen (sløyd)
- Grønsakhagen
- Hans Grunnar og Jofrid ansvar for kva som skal gjerast. Foreldre skriv seg opp på liste. Foreldre kan evt ta med reiskap
- Lage nye utebord

#### Sommerfest:

- Meir innspel frå barna, lage instrument for dei som ikkje liker å stå framme å synge
- Langbord, plukke blomster, pynte
- Sjå an været
- 16.00->
- Felles dessert
- Barna kan lage plakat: sommarfest

#### Innspel frå Elin:

- Mange er tilflytta til Førde, og har lite nettverk. Dugnad og sommarfest er gode tiltak for å inkludere alle. SU må vere mersame på å inkludere alle.

**Fotografering.**  
**Runde: +/-delta på fotografering i vår.**

**Plan for neste fotografering.**

#### Fotografering:

- På våren! April-mai.
- Søskenbilde, gruppebilde
- Skal vere ein hyggelig oppleving.
- Fått positive tilbakemeldingar om fotografering. Held fram med Reiakvam.

Vi nyttar Reiakvamfoto. Tek gruppebilder kvar vår, april/mai. Tilbod om portrett på stor avdeling. Søskenbilde er ok.

#### Tiltak 18 i Førdepakken:

- 2023



- Oktober: kjem for å filme barnehagen- dokumentere eventuelle skader som kan oppstå
- Bygge gang og sykkelveg
- Tilkomst kan bli utfordrande
- Planlagt enveiskjøring

Neste SU møte:

- Avslutning for førskulegruppa, evaluere opplegget
- Godkjenne ny årsplan.